

Møteprotokoll

Utval: Stølsheimen verneområdestyre
Møtestad: Blix Hotell, Vik
Dato: 09.05.2016
Tidspunkt: 10:00 – 13:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Liv Anne Aanesen	Medlem	Modalen kommune
Sigbjørn Hauge	Nestleiar	Voss kommune
Frode Merkesvik	Medlem	Høyanger kommune
Inger Ulvund	Medlem	Hordaland fylkeskommune

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Karen Marie Hjelmseter	Medlem	Sogn og Fjordane fylkeskommune
Olav Turvoll	Leiar	Vik kommune

Merknader

Sigbjørn Hauge var fungerande styreleiar i møtet.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Sekretær/verneområdeforvaltar

Andre

Nils Kvamme Naturoppsyn
Veronika Seim Bech Landbrukssjef i Vik kommune
Tore Bjørgo Innleiar på møtet til tema kulturminne (tidlegare fylkesarkeolog i Hordaland fylkeskommune)

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Sigbjørn Hauge
Sign.

Liv-Anne Aanesen
Sign.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 8/16	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 9/16	Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 10/16	Revidert forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde - høyring		2012/2321
ST 11/16	Stølsheimen landskapsvernområde - stenging av skorfeste ved Finnbunuten		2016/1557
ST 12/16	Stølsheimen landskapsvernområde - utbetringstiltak på stien frå Nese til Rosete		2014/2116
DS 2/16	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til snøskutertransport i Sendedalen		2016/1218
DS 3/16	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til snøskutertransport til Holmavatnet i Sendedalen		2016/1402
DS 4/16	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til snøskutertransport av materiale til Mørkves-Grøndalen		2015/4317

Orienteringssaker

Forvaltar orienterte om vedtak i sak 24/15, 05.10.2015 i Stølsheimen verneområdestyre - Delegering av vedtaksmynde til forvaltar.

I byrjinga av møtet var det innlegg med tema kulturminne og kulturlandskap i verneområde. Dette er ein viktig del av forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde. Tore Bjørgo (tidlegare fylkesarkeolog i Hordaland fylkeskommune) kom med gode råd om korleis ein gjennom god forvaltning kan ta vare på fornminne og stølsbygningar i verneområde. Han viste døme på restaurerings- og vedlikehaldsarbeid på stølsbygningar. Bjørgo understreka kor viktig det er å ta vare på bygningsmiljøet på stølane. Stølsmiljøa er ein viktig del av landskapet sin art og karakter i Stølsheimen

Nils Kvamme orienterte og viste bilde av skjøtsel som er gjennomført på nokon av stølane i Stølsheimen. Skjøtselsarbeidet er utført på oppdrag frå verneområdeforvaltinga. Mange av stølsområda ligg i område med gode vekstvilkår og områda er tilgrodd med busker, trær og staudar. Fortsatt beite med husdyr vil vera avgjerande for å avgrensa veksten av skog på stølsbøane. I tillegg vil det truleg vera trong for rydding av stølsbøane enkelte år.

Arkivsaksnr: 2012/2321-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 19.04.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	10/16	09.05.2016

Revidert forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernomsråde - høyring

Innstilling frå forvaltar

Framlegg til revidert forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernomsråde vert sendt ut på høyring i perioden 11. juli til 30. september. Forvaltningsplan med kartvedlegg skal trykkast opp i om lag 250 eksemplar og sendast ut til alle grunneigarar innan for Stølsheimen landskapsvernomsråde. Høyring på planen skal kunngjerast i Sogn Avis, Ytre Sogn Avis og avisa Hordaland i veke 28 2016. Høyringsbrev vert sendt ut til lag og organisasjonar som planen vedkjem. Planutkastet vert lagt ut i digital versjon på heimesida til Stølsheimen verneområdestyre.

Planutkastet skal presenterast på opne møte i kommunehuset i Vik, Voss og Modalen. Forvaltar kan på førespurnad ha opne kontordagar før møte i desse kommunane. Leiar i verneområdestyret og verneområdeforvaltar presenterer planen på dei opne møta. Verneområdeforvaltar og styremedlem frå aktuell kommune vert samde om møtedato og innkalling til møte. Styremedlemmer som har høve deltek på møta.

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 09.05.2016

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Framlegg til revidert forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernomsråde vert sendt ut på høyring i perioden 11. juli til 30. september. Forvaltningsplan med kartvedlegg skal trykkast opp i om lag 250 eksemplar og sendast ut til alle grunneigarar innan for Stølsheimen landskapsvernomsråde. Høyring på planen skal kunngjerast i Sogn Avis,

Ytre Sogn Avis og avisa Hordaland i veke 28 2016. Høyringsbrev vert sendt ut til lag og organisasjonar som planen vedkjem. Planutkastet vert lagt ut i digital versjon på heimesida til Stølsheimen verneområdestyre.

Planutkastet skal presenterast på opne møte i kommunehuset i Vik, Voss og Modalen. Forvaltar kan på førespurnad ha opne kontordagar før møte i desse kommunane. Leiar i verneområdestyret og verneområdeforvaltar presenterer planen på dei opne møta. Verneområdeforvaltar og styremedlem frå aktuell kommune vert samde om møtedato og innkalling til møte. Styremedlemer som har høve deltek på møta.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Framlegg til revidert forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, 28.04.2016
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde – fagleg gjennomgang, brev frå Miljødirektoratet 15.12.2015
- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde mars 1998
- Spor etter stølsdrift i Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 4 – 2011 (*Fylkesmannen i Sogn og Fjordane*)

Bakgrunn og vurdering

Proessen med revidering av forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde starta opp med vedtak om oppstart i sak 13/12, 11.06.2012. Det vart vedtatt å oppretta ei referansegruppe sett saman av fagleg rådgjevande utval og administrativt kontaktutval. I fylgje prosjektplanen skulle forvaltningsplanen vera klar for utsending ved årsskifte 2013/2014. Proessen har tatt lenger tid enn planlagt. Miljødirektoratet har hatt planen til fagleg gjennomgang i 2015. Verneområdestyret fekk brev frå Miljødirektoratet 15.12.2015 med godkjenning av planen for utsending på offentleg høyring med nokre kommentarar. Merknadane er innarbeidd i planframlegget og vil verta presentert på møte i verneområdestyret.

I oppstarten av planproessen vart det gjennomført opne møte i Arnafjorden i Vik, Ortnevik i Høyanger, Modalen sentrum for Modalen og Vaksdal, og i Myrkdalen på Voss. Planen har vore tema på årleg møte i fagleg rådgjevande utval i 2012, 2013, 2014 og 2015. 15. februar 2016 var referansegruppa kalla inn til møte i Myrkdalen for gjennomgang av planframlegg etter planen var kome i retur frå Miljødirektoratet. Innspel får referansegruppa er tatt med i planframlegget.

Proessen vidare er vedtak om utsending av planframlegget på høyring. Med kunngjering i avisene Sogn Avis, Ytre Sogn Avis og Hordaland vil ein nå innbyggjarar, lag og organisasjonar som forvaltningsplanen vedkjem.

Forvaltningsplanen vert lagt ut på heimesida til verneområdestyret. I tillegg skal planen trykkjast opp i ca. 250 eksemplar som vert sendt ut til alle grunneigarar med areal

innanfor Stølsheimen landskapsvernområde. Høyringsbrev vert sendt ut til lag og organisasjonar som planen vedkjem.

I samband med høyringa bør det vera 3 opne orienteringsmøte. Eit for område i Vik, eit for område på Voss, og eit for område i Vaksdal, Modalen og Høyanger. Møta bør vera i god tid før høyringsfristen slik at det er tid til å fylgje opp spørsmål og innspel frå møta. Styreleiar bør delta på alle møta saman med forvaltar. Styremedlemer som har høve kan delta på møta. Forvaltar kan ha open kontordag før kvart møte dersom det kjem spørsmål om det.

Høyringsperioden bør vera på 2 til 3 månader for å gje god tid til å koma med høyringsuttalar. Høyringsperioden vert sett frå 11. juli til 30. september. Oppsummering av høyringsuttalar skal vera klart til møte i verneområdestyret i november 2016.

I budsjettet til verneområdestyret er det sett av kr. 80 000 til arbeid med forvaltningsplan. Budsjett eks. mva. i samband med høyringsprosessen:

Kunngjering	kr. 20 000
Trykking av planutkastet og utsending	kr. 25 000
<u>Møtekostnader</u>	<u>kr. 15 000</u>
<u>SUM</u>	<u>kr. 60 000</u>

Arkivsaksnr: 2016/1557-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 20.04.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	11/16	09.05.2016

Stølsheimen landskapsvernomsråde - stenging av skorfeste ved Finnbunuten

Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre gjev saueeigarane Bjørn Atle Nesheim, Per Berge og Kjetil Mørkve løyve til å setja opp sikringsgjerde for å hindre at dyr går seg fast på fjellhulle ved Finnbunuten. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernomsråde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Plassering av gjerde vert avgjort ved synfaring saman med saueeigarane og verneområdeforvaltar. Verneområdeforvaltar for delegert mynde til å opptre for verneområdestyret på denne synfaringa.

Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Gjerdemateriale skal vera trestolpar (kan nyttast impregnerte gjerdestolpar) og netting for sauebeite
- Gjerdet skal til ei kvar tid haldast ved like
- Dersom gjerdet ikkje vert halde ved like, eller trongen for gjerding endrar seg, skal gjerdet og gjerdemateriale fjernast av tiltakshavar

Dette løyvet er berre handsama etter verneforskrifta. Det må i tillegg innhentast naudsynt løyve frå grunneigarar i området.

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 09.05.2016

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre gjev saueeigarane Bjørn Atle Nesheim, Per Berge og Kjetil Mørkve løyve til å setja opp sikringsgjerde for å hindre at dyr går seg fast på fjellhulle ved Finnbunuten. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Plassering av gjerde vert avgjort ved synfaring saman med saueeigarane og verneområdeforvaltar. Verneområdeforvaltar for delegert mynde til å opptre for verneområdestyret på denne synfaringa.

Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Gjerdemateriale skal vera trestolpar (kan nyttast impregnerte gjerdestolpar) og netting for sauebeite
- Gjerdet skal til ei kvar tid haldast ved like
- Dersom gjerdet ikkje vert halde ved like, eller trongen for gjerding endrar seg, skal gjerdet og gjerdemateriale fjernast av tiltakshavar

Dette løyvet er berre handsama etter verneforskrifta. Det må i tillegg innhenta naudsynt løyve frå grunneigarar i området.

Saksopplysningar

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om løyve til å setja opp sikringsgjerde ved Finnbunuten, datert 18.04.2016

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde mars 1998
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Sauhaldarane Bjørn Alte Nesheim, Per Berge og Kjetil Mørkve (Mørkve gard og hønseri) søker om å få setja opp eit sikringsgjerde mot skorfeste ved Finnbunuten. Alle desse sauhaldarane har saue på beite i dette området. Dette området høyrer til Mørkvesstølseigedom der Kjetil Mørkve er ein av grunneigarane. Søker opplyser at grunneigarane i stølsområdet er informerte om at det vert søkt om å setja opp sikringsgjerde, og det har ikkje vore innvendingar mot tiltaket.

Sauene som beitar i området kan gå frå Finnbunuten ned i Sendedalen, men det er ein plass dei kan gå feil, og her kan dei gå seg fast på ei fjellhulla. Dei siste 4 åra har saueeigarane henta sauer opp att frå dette skorfeste kvar år. Det er eit svært vanskeleg fjellparti, og dei har brukt fjellklatrarar for å redde sauene frå fjellhulla. For å hindra at sauene går ned i dette skorfeste, søker dei om å få setja opp eit 10 meter langt gjerde av impregnert stolp og netting. På kartutsnittet under er punktet for skorfeste teikna inn (kartutsnitt frå Fylkesatlas). Saueeigarane sette opp eit

straumgjerde utan straum på dette punktet i fjor, men dette vart ikkje ståande og ein sau gjekk seg skorfast på same staden.



Lovgrunnlaget

«Føremålet med vern av Stølsheimen er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske» jf. pkt. III i verneforskrifta. Det er forbod mot inngrep som kan endre landskapets art eller karakter *«så som oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar...»* jf. pkt IV nr.1. I verneforskrifta er det ikkje reglar som gjeld endring av oppføring av gjerde eller stenging av skorfeste. Det må difor vurderast om sikringsgjerdet kan vurderast med heimel i naturmangfaldlova § 48 som seier at *«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig»*.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Landbruk er nemnt i verneføremålet som ein aktivitet som skal halda fram samstundes som ein skal ta vare på natur- og kulturlandskapet. Det er viktig å leggja til rette for at det er sauer som beitar i Stølsheimen for at det fortsatt skal vera eit ope kulturlandskap. Fjellområda rundt stølane er ein viktig del av beiteområde for sauene. Sendedalen med tilgrensande fjellområde er beiteområde til sauebøndene som søker om å få setja opp sikringsgjerde. I området der dei vil setja opp gjerde er det ikkje kjente trua naturtypar eller artar (Naturbase 20.04.2016). Området er ein del av leveområde for villreinen. Det er registrert villrein på og rundt Finnbunuten både sommar og vinter. Eit sperregjerde på kanten mot fjellhammaren vil lite truleg påverka villreinen sin bruk av område.

Kunnskapen om området, jf. nml. § 8 er vurdert som god for å vurdere denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor tillagt liten vekt i saka.

Forvaltninga skal vurdere den samla belastninga tiltak kan ha på naturmiljøet jf. nml. § 10. Det er ikkje uvanleg at sauer går seg fast i fjellet og må hjelpast av saueeigar. Det er ein del av utfordringa med å ha sauer på fjellbeite, og det kan ikkje setjast opp gjerde alle stader der eit dyr har gått seg fast. I området ved Finnbunuten der saueeigarane ynskjer setja opp gjerde, er det ein fast plass som har vore eit problem i fleire år. Saueeigarane har prøvt å sperre område med midlertidig tiltak utan at dette har hjelpt. Forvaltar vurderer dette tilfellet som spesielt i forhold til andre områder, og ser ikkje at dette tiltaket kan føra til stor auke i spørsmål om oppføring av sikringsgjerde i landskapsvernområdet.

Finnbunuten er eit turmål som har fått auka bruk etter utbygging med alpinanlegg og hytter i Myrkdalen, særleg på vinteren. I området med planlagt sikringsgjerde er det bratt og vanskeleg terreng, og ikkje ein naturleg plass for folk å ferdast. Gjerdet vil difor ikkje sperre for ferdsel, og vil ikkje vera synleg frå toppen av Finnbunuten eller utsiktspunkta rundt. Gjerdet vil i liten grad påverka landskapet. Tiltaket er vurdert til ikkje å vera i strid verneføremålet, og vil lite truleg føra til nemneverdig skade på verneverdiane. På denne bakgrunn vurderer forvaltar det er heimel til å vurdere tiltaket etter naturmangfaldlova § 48.

Det midlertidige straumgjerdet (utan straum) som vart prøvt i fjor, vart trakka eller rive ned. Det kan vera både sau og reinsdyr som har trakka ned gjerdet. Eit slikt gjerde er difor lite eigna i dette området, og kan vera ein fare for dyr, og forsøpla område med lause gjerdestrådar. Eit fast gjerde vil stå betre i beitesesongen, men kan vera ei utfordring om vinteren. Snø og is kan føra til at både netting og gjerdestolp vert trykt saman. Det må difor haldast årleg tilsyn med gjerdet. Eit alternativ kan vera å rulle saman nettinggjerdet utanom beitesesongen og lagra det slik at det ikkje kjem på avveggar i løpet av vinteren. Val av fastgjerde med netting og trestolpar er vurdert som ein miljøforsvarleg metode jf. nml. § 12 til dette føremålet. Representant for verneområdestyret eller verneområdeforvaltar bør vera med på synfaring på det aktuelle området saman med saueeigarane, for å sjå på beste plassering i landskapet. Dersom gjerdet ikkje vert vedlikehalda, eller det ikkje er trong for gjerdet lenger, skal tiltakshavar fjerna gjerdet og frakta gjerdemateriale ut av området. Tiltaket vil lite truleg føra til miljøforringing, og nml. § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka.

Konklusjon

Sikringsgjerde ved Finnbunuten er eit naudsynt tiltak for sauehaldarane, og tiltaket er særskilt ved at det ved fleire høve har vore skorfeste på den same fjellhylla. Gjerdet er eit lite tiltak som vil vera lite synleg i landskapet. På bakgrunn av vurderingar etter nml. §§ 8 – 12 og verneforskrifta, vurderer forvaltar det kan gjevast løyve til tiltaket med heimel i naturmangfaldlova § 48.

Arkivsaksnr: 2014/2116-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 28.04.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	12/16	09.05.2016

Stølsheimen landskapsvernomsråde - utbetringstiltak på stien frå Nese til Rosete

Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre gjev løyve til utbetring av stien frå Nese til Rosete i Storeli. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernomsrådet og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ. Løyvet gjeld med fylgjande vilkår:

- Tiltaka skal avgrensast til to parti som er vanskeleg å passera for kløvhest og storfe. Stien kan murast på desse to partia. Det kan setjast ned boltar for å sikre muren. Tal boltar skal avgrensast til det som er strengt naudsynt
- Utbetring av stien skal ikkje endra stien utover å vera ein tradisjonell sti for buføring av storfe
- Tiltaka kan gjennomførast etter avtale med grunneigarane i området der stien går

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 09.05.2016

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre gjev løyve til utbetring av stien frå Nese til Rosete i Storeli. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernomsrådet og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ. Løyvet gjeld med fylgjande vilkår:

- Tiltaka skal avgrensast til to parti som er vanskeleg å passera for kløvhest og storfe. Stien kan murast på desse to partia. Det kan setjast ned boltar for å sikre muren. Tal boltar skal avgrensast til det som er strengt naudsynt

- Utbetring av stien skal ikkje endra stien utover å vera ein tradisjonell sti for buføring av storfe
- Tiltaka kan gjennomførast etter avtale med grunneigarane i området der stien går

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Tiltaksplan for Stølsheimen landskapsvernområde 2016

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde mars 1998
- Spor etter stølsdrift i Stølsheimen landskapsvernområde - Rapport nr. 4-2011, *Fylkesmannen i Sogn og Fjordane*
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Stien frå Nese til Rosete og Vatnane er ein gamal buføringsveg. Stien har vore nytta til buføring av storfe og småfe, og det er brukt kløvhest på stien. Grunneigarane i området brukar fortsatt stien i samband med landbruksdrift. Det er både sau og storfe på beite i fjellområda Rosete og Vatnane, og det vert nytta hest på stien. I tillegg er stien merkt som tursti, og er ein attraktiv del av rundturen Tenne – Fossesete – Vatnane – Rosete – Nese.

I samband med arbeid med tiltaksplan for Stølsheimen landskapsvernområde, kom grunneigar Ola Engum på Nese med innspel om utbetring av nokre parti på stien i Storeli. Dette er to parti som er vanskeleg å passera med kløvhest og for storfe.

Naudsynte tiltak kan vera å mura opp stien eller sprengje ein sti i fjellet.

Verneområdestyret vedtok å bruka inntil kr. 40 000 til utbetring av stien til Rosete og stien frå Fossesete til Vatnane i sak 4/16, 14.03.2016.

Lovgrunnlaget

«Føremålet med vern Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske» jf. punkt III i verneforskrifta. Det er forbod mot inngrep som kan endre landskapets art eller karakter *«så som ...fjerning og inngrep i faste kulturminne frå nyare tid, så som bygningar, vegar, gamle kve m.m...»* jf. punkt IV nr.1. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til *«Oppmerking av nye turistruter, bygging av klopper, oppsetting av vegvisar mv.»* jf. punkt VI nr. 5 i verneforskrifta. Sikring og utbetring av stien kan ikkje vurderast etter denne regelen. Forvaltninga kan i særskilte høve vurderer om det er heimel til tiltak når det ikkje er i strid med føremålet med vernet jf. naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ; *«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig...»*.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

I Stølsheimen landskapsvernområde er kulturlandskap med stølsområde og kulturminne viktig del av verneføremålet. Buføringsvegane er ein del av kulturminna. Det er positivt at stiane og området vert nytta i aktivt landbruksdrift. Dette er med å ivareta kulturlandskapet, og gjev ein auka opplevingsverdi for friluftslivet.

Det er ikkje kjente førekomstar av trua og sårbare naturtypar eller artar (Naturbase 26.04.2016) i området der stien går. Historisk bruk av stien og området er godt kjent gjennom lokalbefolkninga sin kunnskap om området. Kunnskapen om området jf. nml. § 8 er vurdert som god for å vurdera saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje vektlagt i denne saka.

Forvaltar var på synfaring på stien 25. april i år saman med naturoppsyn Nils Kvamme. To parti av stien i Storeli kan vera vanskeleg å passera med kløvhest og storfe. Stien kan utbetrast med enkle tiltak som vil gje små inngrep i landskapet. Forvaltar vurderer tiltaket til ikkje å vera i strid med verneføremålet eller til skade på verneverdiane, og vurderer det er heimel til å vurdera tiltaket etter nml. § 48. Tiltaket som er planlagt er naudsynt for å buføre storfe på stien på ein trygg måte. Ein trygg sti legg eit godt grunnlag for at det fortsatt kan buførast storfe opp på stølen, noko som er positivt for landbruket, og for god skjøtsel av kulturlandskapet. I tillegg er det positivt at grunneigar ynskjer og bruka kløvhest for å frakta saltsteinar og anna utstyr opp til Rosete. Det er med å minskar trongen for motorisert ferdsel i område. Det er berre på nokre få parti på stien det er trong for å feste murar med boltar. Tiltaket skal gjennomførast i regi av forvaltninga, og vil avgrensast til det som er naudsynt. På denne bakgrunn vurderer forvaltar tiltaket til ikkje å gje auka belastning på naturmiljøet jf. nml. § 10.

Forvaltninga skal vurdera kva som er den beste miljømessige metoden for tiltaket jf. nml. § 12. Muring er utført på nokre andre stadar på denne stien tidlegare. Det nye med dette tiltaket er at det vert sett boltar i fjellet for å feste murane. Ein enkel mur i stien vil gjera det lettare å passera desse punkta. Det er rikeleg med stein i området rundt som kan brukast i muren. For å få godt feste for muren, bør det setjast ned nokre boltar i fjellet. Dette tiltaket vil vera eit godt alternativ i staden for å sprengje ein sti i fjellet. Forvaltar meiner difor ein enkel mur vil vera den beste miljømessige metoden å nytta. Det er ikkje venta at tiltaket vil medføre noko miljøforringing, og nml. § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka.

På bakgrunn av vurderingar etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-12 vurderer forvaltar tiltaket kan gjennomførast med heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.